



Vedtekter gjeldande frå 1. august 2017

## SKULEFRITIDSORDNINGA I FJELL

### § 1 Retningslinjer

Skulefritidsordninga i Fjell kommune skal følgja lov og forskrifter som gjeld for skulefritids-ordning og dei retningslinjene som er vedtekne av «Komité for drift og forvaltning». Komitéen godkjenner vedtektene og får fullmakt til å gjera endringar.

### § 2 Formål

Skulefritidsordninga er eit frivillig aktivitets-, kultur- og fritidstilbod for barn i 1. - 4. klasse og barn med spesielle behov frå 5. - 7. klasse.

På ungdomstrinnet vil barn med spesielle behov kunne få SFO-tilbod etter skuletid og i haust-, vinter- og inntil tre/fire veker av skulesommarferien på Straume Aktivitets- og Arbeidssenter på eigne vilkår.

Fritidsordninga skal gi barna omsorg, tilsyn og gode utviklingsvilkår.

For barn med spesielle behov frå 5.klasse og oppover - kan skulen rådføre seg med PPT. Skulen sine generelle mål gjeld også for skulefritidsordninga.

### § 3 Overordna styring

Fjell kommune er ansvarleg for drift av dei skulefritidsordningar som er omfatta av desse vedtektene. Skulefritidsordninga har «Komité for drift og forvaltning» som ansvarleg styringsorgan, og er administrativt underlagt skulesjefen.

### § 4 Lokal styring

Ved den einskilde skulefritidsordning er rektor fagleg og administrativ leiar. Dersom det er fleire enn 23 barn i skulefritids- ordninga, skal der vere ein dagleg leiar.

Det skal veljast foreldrerepresentantar, «SFO-kontaktar» på lik line med klassekontaktar i skulen. Dersom foreldra ønskjer det, kan ein klassekontakt også representere foreldregruppa i SFO. Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) skal utvidast med representanten frå skulefritidsordninga dersom denne ikkje samtidig er klassekontakt på skulen.

Samarbeidsutvalet (SU) er styre for Skulefritidsordninga og fastset opningstid.

### § 5 Tilsette i skulefritidsordninga

Dagleg leiar skal ha pedagogisk utdanning eller anna relevant utdanning på bachelor-nivå. Retningsgivande bemanning er 12 barn per vaksen.

For barn med spesielle behov for hjelp og omsorg, kan det tilsetjast ekstra personale. Utgiftene til dette blir dekt av kommunen.

### § 6 Inntak av barn

Alle barn i 1. – 4. klasse er sikra plass etter søknad. Barnet har plassen til plassen vert sagt opp eller ut 4. klasse.

#### Søknadsfristen for hovudinntak er 1. mai.

Søknadsfristen for ferie-SFO er av bemanningsmessige årsakar, seinast 3 veker før den aktuelle skuleferien. Søknadsfristen er av same grunn absolutt og bindande.

Søknad skjer elektronisk via heimesida til Fjell kommune. [www.fjell.kommune.no](http://www.fjell.kommune.no)

### § 7 Opptaksperiode og oppseiing/ endringsfrist

- Frist for oppseiing av plass er 1 mnd.
- For endring av plass frå heil til delt plass, gjeld regelen om 1 mnd oppseiing.
- Auke frå deltidstilbod til heil plass kan skje med verknad frå den dato endringa blir meldt inn. Rekninga vil gjelde for heile månaden!

### § 8 Betaling for opphald

Kommunestyret fastset betalingssatsane som skal vera lik for alle kommunale skulefritidsordningar med tilsvarande tilbod. Kommunen kan krevja utgiftene til skulefritids-ordning dekkja gjennom eigenbetaling av foreldra.

Betaling for opphald skjer etterskotsvis kvar måned til kommunekasseraren i Fjell.



## Vedtekter gjeldande frå 1. august 2017

Det er søskenmoderasjon på 25% for barn nr 2 og 50% for barn nr 3. Ordninga gjeld på tvers av barnehage og SFO. Eldstemann er barn nr 1.

Dersom foreldre / føresette ikkje har betalt for opphaldet dei tre siste månadene, vert barnet sagt opp med 1 månads varsel og misser plassen i skulefritidsordninga.

Dersom borna vert henta for seint må dei føresette betala ekstra for kvar påbyrja time.  
Pris per time\* er lik kjøp av ein time\* (\* Sjå § 11 – dagleg opphaldstid og årleg opningstid.)

Barn frå 5. – 7. klasse, og barn som er tilrådd av sakkyndige av sosialøkonomiske grunnar, betaler timesats. Talet på timar må avtalast på førehand.

### § 9 Måltid

Skulefritidsordninga bør ha tilgang til kjøkken der det kan lagast enkle måltid. Det er til vanleg felles måltid med matpakke.

Styret (SU) i enkelte SFO - kan ha fatta lokalt vedtak som gjev barna tilbod om mat. I slike tilfelle krevjast matpengar som tillegg på faktura.

### § 10 Areal ute og inne

Lokale og uteareal som er nytta til skulefritidsordning skal vere godkjent etter lov og forskrifter.

Lokala skal vere tilrettelagt for funksjons-hemma.

Kvar skulefritidsordning skal ha eit baserom der materiale og utstyr kan samlast.

Det samla arealet som skulefritidsordninga kan nytte i heile opningstida skal ikkje vere mindre enn 2,5 kvm pr. elev. Kvar skulefritidsordning, ved samarbeids-utvalet, definerer sitt eige uteområde innanfor dei rammene som er sett i forskrifter for helse, miljø og tryggleik.

### § 11 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid

Maksimal opningstid i skulefritidsordninga i Fjell er mellom 07.00 og 17.00. Vanleg opningstid er til kl 16.30. Samarbeidsutvalet fastset opningstida ved den enkelte skulefritidsordning ut frå brukarbehov og bemanning.

Skulefritidsordninga har fylgjande plasstypar:

- **Morgonplass, før skuletid.**
- **Heil plass**
- **Ettermiddagsplass, etter skuletid fram til 15.30**
  
- Plass ei veke\*, ein dag\* eller ein time\* (\***NB** - må vere avtalt på førehand)
  
- **Ferietilbod på 4 – 5 skular i skulen sine haust-, vinter- og delar av- sommarferien:**  
Påmeldingsfristen er av bemanningsmessige årsakar, seinast 3 veker før den aktuelle skuleferien.
  
- Spesialavdelinga på Hjelteryggen skule, har eige ferietilbod. Tilbodet er ope for barn med spesielle behov frå alle skulekrinsar.
- Straume Arbeids- og Aktivitetssenter har ferietilbod på eigne vilkår for elevar med spesielle behov på ungdomstrinnet.
  
- **NB!** Dersom det er færre enn fem born som til dagleg vil nytta eit tilbod før skuletid, vil dette til vanleg ikkje bli gitt ved den aktuelle skulen.
- Dersom det er færre enn 15 born som vil nytta eit tilbod ved ein av ferieordningane, vil dette til vanleg ikkje bli gitt ved den aktuelle ferieordninga. (For Bjørøy skule/SFO gjeld eigne reglar av geografiske omsyn.)

### § 12 Tilsyn

Fylkesmannen i Hordaland fører tilsyn med ordninga.